

Metall- emballasje

Metallemballasje kan leggjast i saman med glas. Både klårt og farga glas kan bli kasta i same container. Felles containerar for glas og metallemballasje er plassert ved **Skodje kjøpesenter** og ved **Vallekrysset Bensin og Service A/S**.

Metallemballasje kan vere: Hermetikkboksar, aluminiumsboksar etc. I glasigloane skal det ikkje kastast lysstoffør, sprayboksar, metallbrom av uønska slag, krus av forskjellige slag og restar etter vindusglas.

Ein vil be om at brukarane av kle- og glascontainerane ikkje rotar til området kring containerane. Dette fører til meirarbeid og uryddige tilstander, og gjer at ordninga vert unødig dyr for brukarane.

Ekstra papp og papir

Ekstra papp og papir kan leverast i driftsbygning/fjøset ved Prestemarka Produkt, der kommunen har ei papirpresse ståande. Levering på kvardagar mellom kl. 08.00 og kl. 16.00 (måndag – fredag).

Køyrerutene for papirinnsamling tilsvargar rutene for hushaldsavfall (renovasjon), men går på andre dagar og berre ein gong kvar månad. Sekkane/kassene skal vere sett fram til vegkant kl. 07 på hentedagen.

Loft- og kjellarrydding

Alle som er med på den ordinære renovasjonsordninga kan få levere til loft- og kjellarrydding. Det som **kan leverast**, er slikt som høyrer inn i eit husvære, til dømes:

- Kviteware (kjøleskap, frysarar, komfyrar, vaskemaskiner, osv.)
- Møblar
- Syklar, barnevogner, plenklipparar m.m.

Det må ikkje pakkast avfall i kvitewarene då desse skal sortierast vekk frå det andre avfallet og leverast for seg sjølve. Mindre gjenstandar må pakkast i sekkar eller kasser. Bruk **ikkje** dei ordinære renovasjonssekkane til dette.

Kviteware (komfyrar og vaskemaskiner) skal samlast saman med kjøle- / frysevarer og anna EE-avfall. Dette avfallet skal settast i grupper.

Av ting som **ikkje kan leverast**, kan nemnast:

- Større bildelar, jordbruksreiskaper og liknande
- Greiner og anna hageavfall

- Brennbart materiale
- Vanleg restavfall, spesialavfall, glas / glasruter, kle og sko

I år er rutene som vert køyrde i samband med loftsryddinga slik:

Rute 9: Torsdag 10. mai

Stigefeltet - Engesetdal - Storsætra - Fylling - Reitane - Røane - Lars Pettervegen - Våghøgda - Furlia - Håjem - Valle - Glomset - Stavset - Stette - Straumen - Grindvika - Berget - Stadionvegen - Steinsvegen - Skodje Ytre - Ytreskodje - Grushola - Utvika - Mørkeset.

Rute 10: Fredag 11. mai

Skodje kyrkje - Klungebakken - Korsvegen - Sjøvegen - Olivermarka - Nedreskodjevegen - langs riksvegen på begge sider frå vestre kryss Nedreskodjevegen - Nymarka - Liafeltet - Spireavegen - Vestlivegen - Rølandsvegen - Skodjevågen - Svorta - Flåte - Brusdalen.

Avfallet må settast fram til veg før kl. 07.00 som vanleg.

Melding til abonnentane:

Renovasjon, innføring av to-dunk-system

Skodje kommunestyre har vedteke ny forskrift og retningslinjer for innsamling av hushaldsavfall. Frå 1. juli vert det innført to-dunk-system i staden for sekkar.

Det vert éin dunk for hushaldsavfall og éin dunk for papir. Dunkane for hushaldsavfall og papir vert skilt med forskjellige fargar på lokk: blått lokk for papir og grått for hushaldsavfall.

Det vert ikkje endringar i betalingsregulativet.

Dunkane skal setjast fram til vegkant slik som ein har gjort med sekkane.

Dunkane er Skodje kommune sin eigedom. Reinhold av dunkane er abonnenten sitt ansvar.

Noverande plastsekk er 100 liter, dunk er 140 liter.

Er det nokon som ynskjer større dunk enn 140 liter kan ein ta kontakt med teknisk avdeling.

Dei som ynskjer å fortsettet med sekkere-novasjon kan ta kontakt med teknisk avdeling, kontaktperson: Magnar Kvalvik, tlf. 70244043 eller 91537277

Vi ber om tilbakemelding innan 18.05.07

Hageeigarar

No er det vår og tid for rydding rundt hus og i hage. Teknisk avdeling i Skodje vil minne hageeigarar i kommunen å levere greiner/kvist etter opprydding i hagen.

Leveringsstad: Prestemarka, syd for gartneriet.

Opningstider: Måndag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Det som kan leverast er greiner og kvister.

Ta kontakt med teknisk avdeling.

Hunde-eigarar

Vi vil oppmode alle hundeeigarar om å fjerne ekskrement etter hundane når ein er ute på tur.

Dette gjeld spesielt langs kommunale vegar og gangvegar. Vi kjem med denne oppmodinga, då det har kome ein del klager på hundeeskrement på og langs gangvegar og kommunale vegar.

Bråte-brenning

Det er forbode å brenne bråte i tidsrommet 15. april - 15. oktober Husk brannfaren, og vis miljøansvar. Ta omsyn til naboar og andre.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ut ca. 22. juni. Frist for innlevering av stoff til dette nummeret er 13. juni.

Tilsyn med dagmamma-verksemder etter helse-lovgivinga

Helse- og omsorgsdepartementet kom i oktober 2006 ut med påminning om at dagmammaverksemder fell innanfor virkeområde for forskrifta om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular har som formål å bidra til at miljøet i barnehager og skular m.v. fremmer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, samt forebygger sjukdom og skade.

Om ei verksemd kallast ein barnehage, familiebarnehage eller dagmamma har ikkje betydning for om ein fell innanfor forskrifta, det er om ein oppfyller kriteriane i virkeområdebestemmelsen som er avgjerande.

Dagmammaverksemder som har tre barn eller fleire, som tilbyr opphaldstid på ti timar eller

meir pr veke, og som driv regelmessig verksemd, vil måtte fylle krava i forskrifta. Kriteriet om tre barn er uavhengig av om barna er eigne eller ikkje, så lenge det for nokon av borna utgjer ei verksemd som blir drive mot godtgjering.

Kommunen skal føre tilsyn med dei som fell inn under forskrifta sitt virkeområde. **Vi ber difor om at dei som oppfyller kriteriane for virkeområde tek kontakt med helsestasjonen, tlf. 70 24 40 60.**

Komuneoverlege Lars Lona

Spesialavfall

Vi minner om at hushaldningar som er med på renovasjonsordning kan levere spesialavfall gratis.

Containaren for spesialavfall er plassert ved **Prestemarka, syd for gartneriet**. Kontakt personell på gartneriet for levering av spesialavfall. Gartneriet er opent for besøk på dagtid, og har telefonnummer: **70 24 48 97**

Døme på spesialavfall:

- Oljerestar, motorolje
- Lysstoffrør
- Sprayboksar
- Medisinrestar
- Plantevernmidde
- Batteri (bilbatteri og knappcellebatteri)
- White spirit, tynner, lim, beis, løysemiddel
- Målingsrestar (ikkjeherda)

Tomme målingsboksar er ikkje spesialavfall. Desse kan leverast saman med hushaldsavfallet.

Informasjon frå gartneriet

Gartneriet ved Prestemarka Produkt har forskjellige sommerblomster i drivhuset, og tek mot betillingar til konfirmasjon og 17. mai.

Opningstider på gartneriet:

Mån. tir. ons. fre: kl. 9 - 16

Torsdag: kl. 9 - 17

Utvida opningstider i mai:

Fredag 11. mai: kl. 10 - 20

Laurdag 12. mai: kl. 10 - 16

Onsdag 16. mai: kl. 10 - 20

Velkommen!

"Kommunenytt" er utgitt av Skodje kommune, og blir distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Redaksjon og layout: Knut Berg. Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørdal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no